

# Ten Herren med glede!

*Engasjert trusliv i Den norske kyrkja.*

Gong på gong oppmodar Skrifta oss til engasjement i tru og teneste: «Ver ikkje lunka, men ivrige. Ver brennande i Anden, ten Herren! Ver glade i vona, tolmodige i motgangen, uthaldande i bønna» (Rom 12,11f). «Ver ivrige etter å få dei største nådegåvene!» (1Kor 12,31). Det er likevel eit anna bilete som stig fram når vi sjekkar profilane til dei kyrkjelydane i Dnk som har gjennomført kyrkjelydsundersøking i regi av Naturleg menighetsutvikling (NaMu): Dei bibelske oppmodingane har berre i lita grad blitt lytta til.

I NaMu er «Engasjert trusliv»<sup>1</sup> (ET) eitt av 8 kjenneteikn på kvalitet. Di meir «engasjert», di høgare kvalitet. Eg har undersøkt NaMU-profilar frå 2008 til 2019. I denne perioden har 55 kyrkjelydar i Den norske kyrkja gjennomført ei eller fleire kyrkjelydsundersøkingar i regi av NaMu og fått sin profil – til saman dreier det seg om 126 profilar. Fleire av kyrkjelydane har arbeidd systematisk over fleire år – med utgangspunkt i profilen – for at dei skal bli sunnare. Påfallande ofte har kyrkjelydane i Dnk hatt Engasjert trusliv som lågaste kvalitet (minimumsfaktor). Det er av interesse å finna ut av kva dette inneber, og kvifor det er slik; og ikkje mindre: Finst det måtar å leggja til rette for at truslivet i ein kyrkjelyd i Dnk kan bli meir engasjert?

For å komma nærmare eit svar på desse spørsmåla har eg valt å sjå nærmare på dei profilane som har hatt Engasjert trusliv som ein minimumsfaktor, og særskilt på dei som har hatt ET som ein *markant minimumsfaktor* (avvik frå eige gjennomsnitt på meir enn 15). For å få eit samanlikningsgrunnlag, har eg også sett på profilar frå Den evangelisk lutherske frikyrkja og pinseforsamlingar.

---

<sup>1</sup> Eg brukar konsekvent den norske nemninga på kvalitetskjenneiteiknet og snakkar om «engasjert» trusliv. Jfr. engelsk Passionate spirituality, tysk Leidenschaftliche Spiritualität, svensk/ dansk Hengiven spiritualitet.

## Bakgrunn og definisjonar

### *NaMu-undersøkinga om engasjert trusliv*

Trua er hjarteslaget i kyrkja, sjølv *gudsrelasjonen*. Grunntonen i trua er tillit (*fiducia*). Gudsrelasjonen er noko «objektivt», det kjem ikkje minst fram i dei paulinske tankane om barnekåret og dåpen. Trua er Guds løyndom; ho blir gjeven til den enkelte, gjennom nådemidla - når og kor helst Gud vil i dei som høyrer evangeliet (Confessio Augustana V). Samtidig er trua «liv»; Guds kjærleik som er aust ut i hjarta våre ved Den heilage ande (Rom 5,5). Ei «engasjert tru», er ei tru som er «verksam i kjærleik» (Gal 5,6).

NaMu-undersøkinga måler ikkje kvaliteten på «sjølv trua»; kor vidt trua er «god nok» eller ikkje. Dette kan ikkje målast. Trua har rett nok eit *innhald* som i og for seg kan «målast»(!) - men NaMu-undersøkinga er heller ikkje ein kunnskapstest i teologi. Det som blir målt, er kor *engasjert* truslivet i ein kyrkjelyd er, i kor stor grad trua gir kraft til liv og teneste.

NaMu-undersøkinga er ei spørjeundersøking med 85 utsegner. Omlag 30 i kyrkjelyden, som er regelmessige gudstenestedeltakarar, er med i ei gruppe og har ei teneste<sup>2</sup>, fyller ut spørjeskjemaet. Dei skal – i ulik grad – gi si tilslutning til utsegnene – frå heilt usamd til i høgste grad samd. Etter som truslivet er sjølv «hjarteslaget» i kyrkja, er det eigentleg svært mange av dei 85 utsegnene som på ein eller annan måte kan knytast til truslivet, men 10 av desse utsegnene er *spesifikt* knytte til dette kvalitetskjenne-teiknet<sup>3</sup>. På bakgrunn av svara på dei 85 utsegnene blir det utarbeidd ein kyrkjelydsprofil. Profilen viser ein skår på 8 ulike sider ved livet i ein kyrkjelyd. Høg skår indikerer høg kvalitet på dette området. Ein skår på 50 poeng er «normal»/ gjennomsnitt. Under 35 er «svak»; over 65 er «sunn».

Utsegnene i undersøkinga er å forstå som **indikatorar** på «noko større»: Møter du ein som er over gjennomsnitt interessert i krydder, indikerer det

---

<sup>2</sup> Med 55 kyrkjelydar representerte, inneber det at over 1600 har fylt ut skjemaet og vurdert utsegnene; i statistisk samanheng ei ganske breitt utval.

<sup>3</sup> NaMu er eit internasjonalt og interkonfesjonelt program. For å kunna samanlikna, er alle dei 85 utsegnene dei same i alle land og i alle kyrkjesamfunn. Praxis som ikkje har sterk vekt i alle samanhengar, er difor ikkje representert i utsegnene. Difor er det verken spørsmål som gjeld t.d. fotvasking, åndeleg krigføring, tungetale – eller dåp og nattverd.

at «her har vi med ein matelskar å gjera». På same måten indikerer høg tilslutning til utsegn 32: «Det er mye glede og latter i menigheten vår» at «her er ein kyrkjelyd med varme relasjonar». (Der ein må «gå på filt-tøflar» for kvarandre, er det lite latter). Tilsvarande indikerer tilslutning til dei ulike utsegnene som er knytt til engasjert trusliv, ei grad av engasjement.

Det **biletet av kyrkjelyden** som dei 8 kvalitetskjenneiteikna<sup>4</sup> dannar, kan oppsummerast i 3 verdier: Fellesskap, tru og teneste. Når ein arbeider med NaMu, søker å oppnå balanse mellom desse verdiane. Dei ulike kyrkjesamfunna har tendens til å ha ulike «tyngdepunkt» (og med det ulike utgangspunkt når ein søker å oppnå balanse). Det vanlegaste tyngdepunktet for kyrkjelydane i Dnk er teneste (med HS og NT i sentrum).

Som antyda ovanfor, er «trusliv» eit omfattande tema med mange nyansar, og trusengasjementet kan gi seg utslag på høgst ulike måtar. Trua har både ei individuell side og ei kollektiv side (vi «trur saman»); og ho har ei «inside» og ei «outside». Det er difor viktig – før vi ser på talmaterialet som gjeld ET i Dnk – å definera nærmare **kva vi eigentleg måler** når vi måler grad av engasjement i truslivet.

Fleire av utsegnene indikerer at trua har ei **kollektiv** side, altså at den truande veit seg å høyra med i eit forpliktande fellesskap. (*ET 29<sup>s</sup>: Jeg vet at andre i menigheten ber regelmessig for meg; NT 7: Jeg føler at min oppgave i menigheten utfordrer troen min på en positiv måte; ET 52: Jeg er begeistret for menigheten vår; ET 74: Lederne våre er åndelige forbilder for meg*).

Andre utsegner indikerer at trua også har ei **individuell** side. (*ET 71: Jeg erfarer Guds gjerning i livet mitt; ET 72: Bibelen er en viktig veiviser for meg i hverdagens avgjørelser; ET 77: Bønnestunder er en inspirerende erfaring for meg; ET 84: Jeg har glede av å lese i Bibelen for meg selv*).

---

4 Forutan Engasjert trusliv (ET) opererer NaMu med følgjande kjenneteikn på kvalitet: Utustande leiarskap (UL), nådegåvebasert teneste (NT), hensiktsmessige strukturar (HS), inspirerande gudstenester (IG), livsnære grupper (LG), behovsorientert evangelisering (BE), varme relasjonar (VR).

<sup>5</sup> «ET 29» fortel at det er utsegn 29 i NaMu-undersøkinga som er sitert, og at utsegna primært knytter seg til Engasjert trusliv.

Fleire utsegner indikerer at trua er noko som kan **erfarast** (rett nok på ulike måtar): *ET 41: Når jeg har opplevd noe med Gud, forteller jeg det ofte til andre kristne; ET 42: Jeg erfarer at troen skaper forandringer på ulike områder av livet (yrke, familie, fritid osv.); LG 55: Jeg er med i en gruppe i menigheten der andre kan be med meg hvis jeg trenger det; ET 71: Jeg erfarer Guds gjerning i livet mitt.*

Utsegner som *IG 12: Jeg har kontakt med Gud på en meningsfull måte når jeg er på gudstjeneste, ET 71: Jeg erfarer Guds gjerning i livet mitt og ET 77: Bønnestunder er en inspirerende erfaring for meg* indikerer at trua er noko umiddelbart og **relasjonelt**. Men det finst òg utsegner som indikerer at trua har ei meir **reflekterande** side; t.d. *ET 41: Når jeg har opplevd noe med Gud, forteller jeg det ofte til ande kristne; ET 68: Jeg er sikker på at Gud vil arbeide enda sterkere i menigheten vår i de kommende år; ET 72: Bibelen er viktig for meg i hverdagens avgjørelser; UL 45: Lederne våre tror tydelig at Gud vil at menigheten vår skal vokse; IG 89: Jeg forbereder meg til å delta i gudstjenesten.*

Men trua har ikkje berre ei usynleg «innside»; ho har også ei «**outside**» som gjer trusengasjementet synleg. Det ytrar seg t.d. i **glede** (*IG 88: Jeg gleder meg alltid til gudstjenesten; ET 84: Jeg har glede av å lese Bibelen for meg selv; ET 52: Jeg er begeistret for menigheten vår*), i **tilbeding** (*IG 53: Musikken i gudstjenesten hjelper meg å tilbe Gud*), i **vitnemålet** for andre (*ET 41: Når jeg har opplevd noe med Gud, forteller jeg det ofte til andre kristne; BE 75: Jeg prøver å bli bedre kjent men mennesker som ennå ikke kjenner Jesus*) i **frimod** (*LG 55: Jeg er med i ei gruppe i menigheten der andre kan be med meg hvis jeg trenger det*), og ikkje minst i ytre **handling** (*NT 7: Jeg føler at min oppgave i menigheten utfordrer troen min på en positiv måte; ET 42: Jeg erfarer at troen skaper forandringer på ulike områder av livet (yrke, familie, fritid osv.)*).

Det (ideal-)biletet NaMu-undersøkinga presenterer av eit (engasjert) trusliv, kan kanskje samanfattast med salmen «Mer hellighet gi meg» (Norsk salmebok 417).

*Mer hellighet gi meg, mer mildhet, o Gud,<sup>6</sup>  
Mer sorg over synden, mer frykt for ditt bud!  
Mer makt til å tjene<sup>7</sup>, mer styrke i bønn<sup>8</sup>,  
Mer tålmod i smerte<sup>9</sup>, mer tro på Guds Sønn!*

*Mer kjærlighet gi meg, mer tillit til deg<sup>10</sup>,  
Mer fremtid i håpet, mer lyst til din vei!<sup>11</sup>  
Mer glede, min Frelser, mer fred i ditt blod,  
Mer seir over synden, mer fasthet og mot!*

*Gi tørst etter Ånden, gi trang til ditt ord<sup>12</sup>,  
Gi du meg å vandre mer helt i ditt spor,<sup>13</sup>  
Mer trofast og lydig, mer avdød fra meg,  
Mer ydmyk og hellig, mer, Jesus, lik deg!<sup>14</sup>*

## Engasjert truoliv i Den norske kyrkja

Eg har sett på 126 profilar frå 55 kyrkjelydar i Den norske kyrkja. Profilane er tatt i tidsrommet 2008 – 2019. Fleire av kyrkjelydane har tatt fleire profilar (opp til 10), og fleire begynte NaMu-prosessen før 2008. Dette materialet fortel at kyrkjelydane i Dnk som har gjort NaMu-undersøking, er mangslungne. Men det er samtidig påfallande at 77 av profilane (61%) har ET som minimumsfaktor. Tar vi utgangspunkt i profil nr 1 (evt den eldste eg har tilgang til) for dei 55 kyrkjelydane, blir tendensen berre endå meir påfallande: 38 av dei 55 kyrkjelydane (69%) har ET som minimumsfaktor, og mange av dei har ET som ein *markant* minimumsfaktor. Når vi ser på alle profilane samla, har ET eit snitt på 42 poeng (39 for eldste profil). Snitt for heile profilen er 51 (48 for eldste profil). Det inneber eit sprik mellom samla

---

<sup>6</sup> ET 42: Jeg erfarer at troen skaper forandringer på ulike områder av livet (yrke, familie, fritid osv.)

<sup>7</sup> NT 7: Jeg føler at min oppgave i menigheten utfordrer troen min på en positiv måte

<sup>8</sup> ET 77: Bønnestunder er en inspirerende erfaring for meg

<sup>9</sup> VR 80: Hvis jeg har en uoverensstemmelse med noen i menigheten, vil jeg gå til vedkommende for å ordne opp.

<sup>10</sup> ET 71: Jeg erfarer Guds gjerning i livet mitt

<sup>11</sup> ET 68: Jeg er sikker på at Gud vil arbeide enda sterkere i menigheten vår i de kommende år

<sup>12</sup> ET 72: Bibelen er en viktig veiviser for meg i hverdagens avgjørelser. ET 84: Jeg har glede av å lese i Bibelen for meg selv

<sup>13</sup> NT 9: Oppgavene jeg har i menigheten, stemmer overens med mine gaver.

<sup>14</sup> VR 59: Jeg forteller om min åndelige utvikling til ulike mennesker i menigheten.

gjennomsnitt og ET på 9. I 21 av profilane er spriket mellom verdien på ET og eige gjennomsnitt større enn 15. Av desse 21 har 14 eit eige gjennomsnitt på over 50 (somme langt over 50); eg kallar dei «pluss-profilar». Dei andre 7 har eit eige gjennomsnitt på under 50 (somme langt under 50) («minus-profilar»).

### *Pluss-profilar og minus-profilar*

På fleire punkt er pluss- og minus-profilane ganske like: Til dømes strevar dei i begge leirar med den **individuelle** sida ved truslivet; ein finn i lita grad glede i å lesa Bibelen for seg sjølv, og Bibelen opplevest ikkje relevant i kvardagen. Dei føler òg at dei kjem til kort med det personlege bønslivet. Når det gjeld den **kollektive** sida ved truslivet, er derimot skilnadene påfallande. Pluss-profilane gir oss eit bilete av kyrkjelydar som dei er stolte av og begeistra for, og der leiarane inspirerer til etterfølging. Ikkje minst fortel dei om at oppgåvene i kyrkjelyden utfordrar trua på ein positiv måte (55 poeng). Minusprofilane er atskillig meir avmålte på desse punkta (33 poeng).

Rett nok fortel både pluss- og minusprofilane noko om at den åndelege omsorga og djupe kjennskapen til kvarandre ikkje er optimal<sup>15</sup>. Men plussprofilane fortel samtidig om ei forkynning som jamt over opplevest relevant for tilhøyrarane; gudstenestedeltakarane finn glede i å lytta, og dei opplever at forkynninga talar inn i deira aktuelle situasjon (60 poeng). Også på dette punktet er minusprofilane meir avmålte (39 poeng).

### *Teneste og relasjonar*

Ein iaugefallande observasjon i det statistiske materialet er at Nådegåvebasert teneste (NT) og Hensiktsmessige strukturar (HS) jamt over er dei sterkaste kvalitetane i profilane; halvparten av profilane frå kyrkjelydar i Dnk har NT eller HS på fyrste eller andre plass. Når vi ser på alle profilane samla, har både NT og HS eit snitt på 56 poeng.

Det er også påfallande at relativt mange profilar skårar sterkt på Varme relasjonar (VR): 29 av profilane har VR som sterkaste eller nest-sterkaste

---

<sup>15</sup> Ein kjenner t.d. i lita grad til at andre i kyrkjelyden ber regelmessig for ein, ET 29.

kvalitet. I vår samanheng er det interessant at 16 av desse profilane (55%) har ET som minimumsfaktor. Alle plussprofilane har VR på over 50.

Det er òg verd å merka seg at 40 av profilane skårar over 50 på BE 36<sup>16</sup>, som handlar om konkrete diakonale tiltak. Utsegn 36 indikerer m.a.o. eit sterkt diakonalt engasjement. Meir påfallande er det at 24 av desse (60%) samtidig har ET som minimumsfaktor.

Det let seg ikkje utan vidare gjera å lesa ut frå materialet kva desse observasjonane inneber i praksis, men det melder seg ein del tankevekkande spørsmål:

Mange kyrkjelydar har eit imponerende arbeid når det gjeld lågterskeltiltak – ikkje minst retta mot born/ barnefamiliar og eldre. Høg skår på HS og NT kan indikera at «her er alt dette på stell!»: Det er orden og struktur; informasjon kjem ut til dei som skal ha han, påmeldingane fungerer, og medhjelparane trivst og gjer ein kjempejobb og føler dei er på «rett plass». No er både NT og HS er sjølvstendige kjenneteikn på kvalitet, og uttrykk for verdien «teneste». Samtidig er det slik at det som er den sterkaste sida i ein kyrkjelyd, kan bli den svakaste - når det blir einsidig. Og når ein samtidig har ET som si markant svakaste side, er det fleire spørsmål som melder seg: Hallar livet i kyrkjelyden mot å bli til «aktivisme»? – der kyrkjelyden er meir eit arbeidsfellesskap enn eit trusfellesskap. Er det viktigaste at det «skjer noko»? Har vi gløymt å leggja til rette for åndeleg vekst og modning? Klarer vi å utnytta kontakten vi får gjennom div. lågterskeltilbod, til å invitera deltakarane til eit stykke vandring vidare – inn i fellesskapet, og nærmare Kristus? Eller er vi så opptekne av kvantitativ vekst (som lettast kan teljast) at den kvalitative veksten kjem i bakgrunnen?

Liknande spørsmål melder seg når vi observerer at mange profilar med svak ET samtidig er sterke på VR. No er også varme relasjonar eit sjølvstendig kvalitetskjenneiteikn i NaMu, og eit uttrykk for verdien «fellesskap». Det er ikkje vanskeleg å finna døme på kyrkjelydar som er *svake* på VR; mange har erfart å koma til t.d. ei gudsteneste der det var topp kvalitet på forkynning, salmeval og bønner, men så det var ingen som «såg» deg og blei glad for at

---

<sup>16</sup> Menigheten vår prøver å hjelpe mennesker i nød (med mat, klær, utdanning, rådgiving osv.)



du kom. Spørsmålet er om vi her skimtar det motsette: Kyrkjelydar som «kompenserer» for manglande åndeleg dimensjon med sosial dimensjon?

Også det diakonale engasjementet kombinert med svak ET er tankevekkande. Det kan indikera at kyrkjelyden i høg grad har eit utoverretta og handlande trusspråk. Men i kombinasjon med svak skår på ET, kan det like gjerne indikera at kyrkjelyden langt på veg manglar «åndeleg språk» eller lid av åndeleg sjenanse. Det er også mogeleg å stilla spørsmåla ovf. om «aktivisme».

### ***Samanlikning: Engasjert trusliv i Den norske kyrkja (Dnk),***

#### ***Den evangelisk lutherske frikyrkja (F) og i Pinnerørsla (P)***

Gjennomsnittskår for heile profilen er: 51 i Dnk, 56 i Frikyrkja og 57 i Pinnerørsla. Fleire av kvalitetane er ganske like i dei ulike kyrkjesamfunna, t.d. Hensiktsmessige strukturar: 56 (Dnk), 57 (F), 58 (P); Inspirerande gudstenester: 51 (Dnk), 52 (F), 52 (P); Livsnære grupper: 54 (Dnk), 58 (F), 54 (P). Men når det gjeld ET, er skilnadene påfallande: 42 (Dnk), 52 (F), 61 (P). Det er ikkje minst personleg bibelbruk som her dreg verdiane ned for Dnk. Vi skimtar rett og slett ulike kulturar.

### ***Mot ein ny kultur***

Korleis kan ein leggja til rette for at truslivet i Dnk kan bli meir engasjert? Engasjert trusliv handlar om åndeleg kultur. Å endra ein åndeleg kultur er eit krevjande prosjekt, og det heile kan opplevast så pass abstrakt at det er vanskeleg å ta konkrete grep. Det er rett nok ikkje vanskeleg å finna døme på kyrkjelydar som har gjort fleire undersøkingar, og der profilane fortel om at ET har blitt styrka. Meir typisk er likevel biletet av kyrkjelydar som har jobba med saka gjennom mange år og ikkje har «kome nokon veg».

Det handlar om noko langt meir enn å styrka personleg bibelbruk (ovf.). Framfor alt handlar det om relasjon. Det er ein nær samanheng mellom relasjonen «oppover» (ET), relasjonen «innover» (VR) og relasjonen «utover» (BE). Det er ikkje sjølvstyk at varmt fellesskap i ein konkret kyrkjelyd inkluderer trusdimensjonen. Men skal gudsrelasjonen styrkast, er det viktig at truslivet også blir noko ein deler i fellesskapet.



Like viktig er å ha det klart for seg at den åndelege kulturen finst på ulike nivå – både i gudstenestesamanheng, på gruppenivå og på individuelt nivå. Difor må dei tiltak som blir gjorde for å styrka kulturen/ ET, også skje på ulike nivå. Og det er fyrst når det har skjedd endringar på alle nivå, at det djupast sett har skjedd endringar i den åndelege kulturen i kyrkjelyden.

Det er enklast å endra kulturen i sjølve *gudstenesta*. Materialet tyder på at det har vore forsøkt gjort av fleire (pluss-profilane). Og vi har heller ingen grunn til å tru at dei svake sidene ved truslivet, ikkje har blitt tatt fram i *forkynninga* i gudstenesta. Difor burde vi kunna venta frukt i form av høgare skår på ET. Når dette i lita grad er tilfelle, er det grunn til å stilla spørsmål til *innhaldet* i forkynninga: Er det konkret nok? Blir det gitt tilstrekkeleg og praktisk rettleiing til vekst og modning i trua? Ein del profilar fortel rett nok om at forkynninga opplevest «relevant», samtidig som ein skårar svakt på ET<sup>17</sup>. Men at forkynninga opplevest «relevant», betyr ikkje nødvendigvis at ho hjelper tilhøyrarane til vekst og modning og engasjement i trua. Mange opplever nok også at store dåpsfylgje gjer det vanskeleg å i det heile tatt ta opp temaet. Men når det fyrst blir tatt opp i gudstenesta, må det gjerast systematisk: Det må gjerast til ei annonsert hovudsak, og ikkje berre til noko ein «tilfeldig» og «i forbifarten» kjem inn på. Det må heller ikkje «gøymast bort» på temakveldar for spesielt interesserte.

Samtidig er det i høgste grad avgrensa i kor høg grad forkynninga åleine kan bidra til kulturendring (= større engasjement i truslivet) i ein kyrkjelyd. Det må leggjast til rette for at det kan skapast endringar også på gruppenivå og på individuelt nivå, og då må ein òg sjå *utanfor* gudstenesta. Forkynninga må supplerast av samtale, refleksjon og rettleiing i ny praksis. Eit utgangspunkt kan vera å dela trushistorier (i kurs, smågrupper, men også i gudstenester!), der ein er open og raus rundt personlege truserfaringar og åndeleg praksis. Ikkje minst handlar det om å gi den enkelte fridom til å utøva sin åndelege «stil» (ulike trusspråk), og at fellesskapet «løfter fram» ulikskapane i truslivet – i staden for å dempa dei, einsretta og straumlinjeforma truslivet.

---

<sup>17</sup> Dette er tilfelle i kyrkjelydar med pluss-profil